

Høyringsnotat – forslag til endringar i forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar 2016

Andre delen. Rentefritak, betalingsutsetting og ettergiving

Kapittel 12. Rentefritak av sosiale og økonomiske årsaker

Til § 12-1 Rett til rentefritak av sosiale og økonomiske årsaker

Departementet foreslår nokre mindre språklege endringar i føresegna, mellom anna for å sikre betre samsvar mellom det som står under bokstav *a* og det som står under dei tre andre bokstavane i føresegna.

Føresegna ramsar opp ulike grunnlag (bokstav *a–d*) som gir rett til rentefritak dersom person- og kapitalinntekta til låntakar ligg innanfor visse grenser. I bokstav *a* i føresegna, som gjeld tilhøve som heng saman med sjukdom og arbeidsløyse, er det nytta formuleringa "kan være berettiget til rentefritak", medan same formulering ikkje er brukt når det gjeld rentefritaksgrunnlag som er førte opp under bokstavane *b*, *c* og *d*. Det er ikkje nokon grunn til å ha med denne formuleringa i bokstav *a* heller, sidan det i første ledd i føresegna allereie er slått fast at ein låntakar som fyller eitt av krava i bokstav *a* *har rett* til rentefritak, såframt det nemnde inntektsvilkåret er fylt og naudsynt dokumentasjon på grunnlaget for rentefritakssøknaden er lagt fram.

Framlegget inneber ikkje noka realitetsendring, og det har ikkje budsjettkonsekvensar.

Gjeldande § 12-1 for 2015:

§ 12-1. Rett til rentefritak av sosiale og økonomiske årsaker

En låntaker som oppfyller ett av kravene i bokstavene *a–d* nedenfor og som samtidig har en person- og kapitalinntekt innenfor grensene i tabellen i § 12-7, har rett til rentefritak i hele eller deler av perioden. For tidligere år gjelder egne inntektsgrenser. Inntektsgrensene i tabellen blir hevet med kr 13 390 per år for hvert barn som låntakeren forsørger, til og med det året barnet fyller 16 år. Låntakeren må dokumentere grunnlaget for søknaden om rentefritak, se § 12-6.

a) Forhold knyttet til sykdom og arbeidsledighet

Låntaker som er syk, som mottar arbeidsavklaringspenger eller er registrert arbeidsledig kan være berettiget til rentefritak.

Det er en forutsetning at forholdet varer i minst tre måneder sammenhengende.

b) Førstegangstjeneste eller elev ved militær skole

Låntaker som avtjener førstegangstjeneste i Norge, låntaker som er elev ved en militær skole og borgere fra EØS-land som avtjener verneplikt i hjemlandet.

Det er en forutsetning at forholdet varer i minst tre måneder sammenhengende.

c) Fødsel eller adopsjon

Låntaker som dokumenterer fødsel og omsorg etter fødsel. Den av foreldrene som har omsorgen for barnet, får rentefritak i inntil tolv måneder fra fødselen. Ved adopsjon av barn under ti år gis det rentefritak etter samme regler i inntil tolv måneder fra adopsjonsdato. I perioder der foreldrene deler omsorgen, kan rentefritaket bli delt.

d) Omsorgsarbeid

Låntaker som har omsorgsarbeid som varer i minst tre måneder sammenhengende. Som omsorgsarbeid regnes omsorg for barn under ti år eller omsorg for uføre, funksjonshemmede eller eldre med stort pleiebehov i den nærmeste familien. Se likevel § 12-5. Som barn under ti år regnes også barn som fyller ti år i løpet av 2015.

Forslag til endring i § 12-1 for 2016:

§ 12-1. Rett til rentefritak av sosiale og økonomiske årsaker

Ein låntakar som fyller eitt av krava i bokstavane a–d nedanfor, og som samtidig har ei person- og kapitalinntekt innanfor grensene i tabellen i § 12-7, har rett til rentefritak i heile eller delar av perioden. For tidlegare år gjeld eigne inntektsgrenser. Inntektsgrensene i tabellen blir sette opp med kr 13 390 per år for kvart barn som låntakaren forsørgjer, til og med det året barnet fyller 16 år. Låntakaren må dokumentere grunnlaget for søknaden om rentefritak, sjå § 12-6.

a) Tilhøve som heng saman med sjukdom og arbeidsløyse

Låntakaren ~~som~~ er sjuk, ~~som~~ tek imot arbeidsavklaringspengar eller er registrert arbeidslaus ~~kan være berettiget til rentefritak~~. Det er ein føresetnad at tilstanden varer i minst tre måneder samanhengande.

b) Førstegangsteneste eller elev ved militær skole

Låntakaren ~~som~~ gjer førstegangsteneste i Noreg, ~~låntaker som~~ er elev ved ein militær skole ~~og borgere fra EØS-land~~ eller er EØS-borgar som utfører verneplikt i heimlandet. Det er ein føresetnad at tenesta varer i minst tre månader samanhengande.

c) Fødsel eller adopsjon

Låntakaren ~~som~~ dokumenterer fødsel og omsorg etter fødsel. Den av foreldra som har omsorgen for barnet, får rentefritak i inntil tolv månader frå fødselen. Låntakar som adopterer barn under ti år, får rentefritak etter dei same reglane i inntil tolv månader frå adopsjonsdato. I periodar der foreldra deler omsorgen, kan rentefritaket bli delt.

d) *Omsorgsarbeid*

Låntakaren som har omsorgsarbeid som varer i minst tre månader samanhengande. Som omsorgsarbeid blir rekna omsorg for barn under ti år eller omsorg for uføre, funksjonshemma eller eldre med stort pleiebehov i den næraste familien. Sjå likevel § 12-5. Som barn under ti år blir rekna også barn som fyller ti år i 2015.

Kapittel 15. Ettergiving

Til § 15-1 Rett til ettergiving når låntakaren er varig arbeidsufør

Departementet foreslår å presisere at ein søknad om ettergiving på grunnlag av varig uføreleik vil bli vurdert etter dei inntekstgrensene som gjeld og etter den inntekta som låntakaren har i det året som søknaden kjem inn til Lånekassen, uavhengig av når låntakaren fekk vedtak om varig uføretrygd.

Framlegget er i samsvar med gjeldande praksis, og denne praksisen er gjort rede for i ein merknad til den aktuelle føreseigna som ein kan lese på heimesida til Lånekassen. Røynsler frå Lånekassen tyder likevel på at fleire som søker om ettergiving på grunnlag av uførevedtak som skriv seg frå tidlegare år, er i tvil om kva for inntektsår som tel når Lånekassen skal avgjere søknaden. Departementet meiner derfor at det vil vere føremålstenleg å regulere gjeldande praksis i sjølve forskrifta.

Framlegget inneber ikkje noka realitetsendring, og det har ikkje budsjettkonsekvensar.

Gjeldande § 15-1 for 2015:

§ 15-1. Rett til ettergivelse ved varig uførhet

Låntaker som har minst 50 prosent varig nedsatt inntektsevne (uføregrad) og som får varig uføretrygd fra folketrygden eller tilsvarende trygdeordning i utlandet, kan ha rett til ettergivelse eller nedskriving av gjelden. For låntaker som får varig uføretrygd fra folketrygden etter å ha satt frem krav om slik på et tidspunkt hvor låntaker mottok arbeidsavklaringspenger, kreves det en uføregrad på 40 prosent.

Låntaker som fyller minst ett av vilkårene i første ledd, har rett til ettergivelse av hele gjelden når person- og kapitalinntekten er kr 284 426 eller lavere. Når person- og kapitalinntekten er mellom kr 284 427 og kr 410 117, har låntakeren rett til nedskriving av gjelden og nedsettelse av terminbeløpet, se tabellen nedenfor. Grensene blir hevet med kr 13 390 per år for hvert barn som låntakeren forsørger, til og med det året barnet fyller 16 år. Inntekt som er registrert på låntakerens barn inngår ikke i behovsprøvningsgrunnlaget.

All inntekt må dokumenteres.

[Tabell over inntekstgrenser]

Forslag til endring i § 15-1 for 2016:

§ 15-1. Rett til ettergiving når låntakaren er varig arbeidsufør

Låntakar som har minst 50 prosent varig nedsett inntektsevne (uføregrad), og som får varig uføretrygd frå folketrygda eller tilsvarande trygdeordning i utlandet, kan ha rett til å få gjelda ettergitt eller nedskriven. Minstekravet til ufaregrad er 40 prosent dersom låntakaren får varig uføretrygd frå folketrygda etter å ha sett fram krav om det på eit tidspunkt då låntakaren tok mot arbeidsavklaringspengar.

Låntakar som fyller minst eitt av vilkåra i første ledd, og som har ei person- og kapitalinntekt på kr 284 426 eller lågare, har rett til å få heile gjelda ettergitt. Er person- og kapitalinntekta mellom kr 284 426 og 410 117, har låntakaren rett til å få gjelda nedskriven og terminbeløpet nedsett, sjå tabellen nedanfor. Grensene blir sette opp med kr 13 390 per år for kvart barn som låntakaren forsørgjer, til og med det året barnet fyller 16 år. Inntekt som er registrert på barna til låntakaren, går ikkje inn i behovsprøvningsgrunnlaget.

All inntekt må dokumenterast. Søknad om ettergiving blir vurdert etter dei inntektsgrensene som gjeld og etter den person- og kapitalinntekta som låntakaren har i det året Lånekassen tek mot søknaden. Dette gjeld også i dei tilfella der vedtaket om varig uføretrygd er gjort i eit tidlegare år enn søknadsåret.

[Tabell over inntektsgrenser]